

**Nyvegen må ikkje berøra stølstuffer**

03.05.2013

**Skogsvegen som fleire grunneigarar har planlagt gjennom Hauglandslia kjem ikkje i direkte kontakt med automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne. Men det er ei rekkje stølstuffer langs lia frå Brakhaug til Kleppastøl, påpeikar fylkeskommunen i si fråsegn.**

På denne strekninga er det murar etter i alle høve 8 bygningar. Skogsvegen kjem til å gå nedanfor og sørvest for tuftene.

Fylkeskommunen strekar under at det er særst viktig at veggen ikkje kjem i konflikt med desse tufteområda og heller ikkje i konflikt med steingarden nedanfor dei 5 tuftene mellom Brakhaug og Kleppastøl.

Om kjende, gamle stølsvegar må kryssast skal dette gjerast så skånsamt som mogeleg og mest mogeleg i plan.

Stølsvegar kan ofte reknast for automatisk freda hvis det er gjort funn nede på sjølve garden og ein veit at stølsdrifta skriv seg attende til alle høve eldre jernalder mange stader på Vestlandet, skriv fylkeskommunen som er sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Av Ola Matti Mathisen